

## **REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I JØSNESET BYGDARÅD 03.mars 2015.**

Møtestart kl 19.00. Stad: Trivselstova. Frammøte 13 stk + følgjande 4 frå styret: Odd Fosså, Cesilie Waaland, Svanhild Hjorteland Gbada og Sven Westersjø. Servert kaffe og kaker.

1. **Val av møteleiar:** Odd Fosså **og referent** : Svanhild H Gbada
2. **Godkjenning av innkalling og saksliste:** Godkjent
3. **Årsmelding Bygdarådet:**  
Svanhild gjekk gjennom årsmeldinga: godkjent. Ønskje om at årsmeldinga blir lagt ut på nettsida før årsmøtet: styret tek det til etterretning til neste år.
- Rekneskap Bygdarådet**  
Sven gjekk gjennom rekneskapet. Revisor Oddvar Skiftun hadde nokre merknader som blei lest høgt for årsmøtet, jf eige skriv som er lagt ved rekneskapen. Revisor meinte det er behov for budsjett; årsmøtet var samde i at f.o.m 2016 kan det vere behov for det m.a. grunna auka behov for inntekt til dekking av driftsutgifter av skulebygningane m.a. Revisor meinte òg at det burde innførast betre rutinar ved kontantkassebruk; telle opp og ha bilag. Styret tek dette til etterretning, og skjerpar rutinane på dette framover. Vidare: ein bør utarbeide inventarliste: dvs oversikt over det JB eig og har, og kor dette er å finne. Det er pr i dag ganske mykje, fordi JB har fått ansvar for alt som blei ståande att etter skulenedlegginga. Enklaste er å gå gjennom alt saman med Helselag og Ungdomslag, og definere kva dei spesifikt eig. Resten er bygda sitt. Styret har ei liste klar til neste årsmøte. Med desse merknader blei rekneskapen for 2014 godkjent.
4. **Årsplan 2015:** Styret la fram sitt forslag til årsplan; jf eige skriv. I tillegg til det som stod blei det òg nemnd felles båttur til Førre + Arbeidsgruppe «Jøsneset 200 i 2020» og Bulystgruppa blir ført vidare. Og det vil i tillegg sannsynlegvis bli mykje arbeid ift gymbygget/drifting. Bygdarådet sin rolle i kommunesamanslåingsdebatten blei drøfta: førebels ingen konklusjon, avventar meir info. Men vil nok vere aktuelt at bygdarådet er aktiv ift ope folkemøte og ev etterspør open/brei prosess til kommunen. Om JB skal meine noko; får ein kome attende til ved eit slikt folkemøte ev. Det kom òg eit par innspel om søppelspann og lys gravplass: JB tek det opp med kyrkjeverjen, men treng ikkje innarbeidast som eige punkt i årsplanen.  
Med dei nemde tillegg blei årsplanen godkjent.

5. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus:** Trygve Brandal gjekk gjennom desse. Årsmøtet tek framlagd årsmelding og rekneskap til orientering. Framtida for Bedehuset og styret blei drøfta, men ingen konklusjonar eller vedtak fatta.
6. **Val:** Berit S. Hjorteland møtte for valkomiteen, og deira innstilling til val låg ved årsmøteinkallinga. Ingen ytra ønskje om skriftleg val og ingen hadde andre forslag.

**Odd Fosså**, attvaled til styret 2 år og attvaled som leiar 1 år.

**Rasin Tjeltveit**, nytt styremedlem, 2 år.

**Sven Westersjø**, attvaled styremedlem, 2 år

Unni Fossaa og Svanhild H Gbada var ikkje på val, heller ikkje revisor Oddvar Skiftun

**Vara: Knut Foss** attvaled for 1 år og **Johan Hjorteland**, ny for 1 år.

**Valkomitè: Cesilie Wåland**, nytt medlem, saman med **Berit S Hjorteland og Paul Olav Skiftun** (Olga Hjorteland gjekk ut)

7. **Framtidig bruk av skulebygningane og økonomiske utfordringar.**  
JB har fått eit spørjeskriv frå kommunen om bruk, aktivitet og framtidsutsikter for bygningane ift grendahusfunksjon. Styret hadde laga eit utkast til svarbrev. Svanhild les opp punkta og desse blei drøfta. Det kom nokre tilleggsforslag ift barnehagen og skulebygningen; dette blir supplert inn i svarbrevet til kommunen. Viser til eige skriv, som årsmøtet var samde om. Me ønskjer rask avklaring ift gymbygget, medan me ber om meir tid ift barnehage/skulebygg for å kunne bevare desse òg .

8. **Sommarkonsert: Nora al Jabri og Reidar Larsen**

Odd orienterte om planar og avtalar så langt. Kostnader og tenkte inntekter blei drøfta. Omrent same opplegg som i fjor, med unntak av ein nå ønskjer å leggje opp til skjenkeløyve; håpar på meirinntekt. Det blei m.a. ytra forståing for at bygda nå treng meir-inntekt, og òg at det er nå me må satse – og at fjarårets suksess og erfaringar er godt utgangspunkt for å satse stort nett nå. Det blei òg påpeikt at ein slik arbeids/dugnadskrevjande arrangement må generere godt overskot, og styret påpeikte at det blir behov for frivillige medhjelperar til arrangementet. Årsmøtet ga klarsignal for arrangementet.

9. **Eventuelt:**

- **Lokalhistorisk materiell frå Peder Hagen;** jf same sak på fjarårets årsmøte, som styret ikkje har fulgt opp. Konklusjonen var at ein førebels leverer materiellet inn til lokal safe/arkiv i kjellar/lagerrom.
- **17-mai-komitè:** årsmøtet vedtok at ein skal føre inn i 17-mai-protokollen ift val av komitèmedlemmer; kun fast busette på Jøsneset skal veljast i komiteen.

- **Jøsnesposten:** den populære skuleavisa gjenoppstår i desse dagar i ny form. Årsmøtet blei utfordra på kva namn avisas skal ha: «Nye Jøsnesposten» opplag 1, eller «Jøsnesposten» som før, opplag 33, eller noko anna. Delte meininger om dette, så årsmøtet vedtok at den nedsette redaksjon får fullmakt til å avgjere avisnamnet sjølv.

Til slutt fekk Cesilie Wåland takk frå Odd for 2 år i styret med ein fin blomsterbukett.

Møteslutt ca 21.45.



*Skiftun 06.03.2015  
Svanhild Hjorteland Gbada.*